# Kyrkjetonar



Kyrkjeblad for kyrkja i Tysvær og Bokn

Nr. 4/2015 - 57. årgang

**Sjå, møya skal bli med barn og føda ein son, og dei skal gje han namnet Immanuel – det tyder: Gud med oss.**
*Matteus 1, 23*

**Framsidebiletet:**
*Frå kyrkjeNÆRsamling på Tveit vidaregåande skule i forkant av hausttakkefest.*
*Foto: Janne Eide*

## Huseigaren i Betlehem

**redaktørens hjørne**

*Dette har vore ein religiøst lada haust. Undervegs i arbeidet med dette nummeret av Kyrkjetonar har eg vorte avbroten av TV-sendingar frå terroren i Paris, jakta på terroristar i heile Europa og gisselaksjon i Mali.*

*Og medan alt dette skjer så har me flytta vårt fokus. Medan media var prega av flyktningar som flykta i gummibåtar og kryssa piggtrådsperringar i sommar og haust, så fokuserer me no meir på "strømmen" av flyktningar inn over Norge sine grenser og VÅRE utfordringar.*

*I ei verd som mange trudde vart meir og meir sekularisert, og der sterke krefter som hevdar at alle religionar egentlig er like og at det berre er ulike navn på same gud, så vert plutselig dei religiøse spenningane så store at det pregar nabolag, statsapparat, Europa og Verden.*

*Me går ei advent og jul i møte der me kan læra mykje av bodskapen om ein huseigar i Betlehem. Ein huseigar som ikkje har hjarte til å avvisa ei ung gravid jente, men som ryddar plass i stallen.*

*Det går ikkje mange dagar etter fødselen før Jesus, Maria og Josef er blitt del av ein dyster statistikk, over alle dei som har lagt ut på rømmen. Bibelen er full av historier om israelsfolket og enkeltpersonar på flukt og på reise.*

*"Flyktningekrisa i Europa" er ikkje Europa si krise. Det er den enkelte flyktning i Syria, nabolanda og middelhavet si krise. Me er huseigaren som anten opnar døra på gløtt og seier at "her er det fullt" eller gjer som huseigaren i Betlehem; tek imot dei me sjølv kan hjelpa og opnar hjarterommet for dei me ikkje sjølv har husrom til.*

*Ståle Hustoft*

*Redaksjonen avslutta: 24. november*


## Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Ingunn Grønnestad, Anne Siri Haukeland, Edvin Gjerde, Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.
Frivillig kontigent: kr. 150,-
Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft


**Kyrkja i Tysvær og Bokn**

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon*: 52 75 77 00**
**Internett: www.tysvaerkirken.no**
**E-post: kyrkja@tysver.kommune.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**
åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

**Sokneprest Arne Aurdal**
Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

**Sokneprest Bård Egil Dyrhol**
mobiltelefon: 982 42 073

**Sokneprest Einar Andreassen**
Mobiltelefon: 971 08 788

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**
mobiltelefon: 481 35 457

**Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus**
Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

**Trusopplæring/Kyrkjenær**
**Leiar Kyrkjenær:** Marit Sofie Teistedal Vikre
**Medarbeidarar:**
Nedstrand: Janne Eide
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Bokn, Førresfjorden og Nedstrand: Greta Skorpe Elverhaug
Telefon: 52 75 77 00*

**Organistar**
**Johannes Støle**, *mob: 456 00 925*
**Stein Johannes Kolnes**, mob. 909 18 088
**Gunn Bergvold Larsen**,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

**Kyrkjeverje**
**Tysvær kommune: Eva Birkeland**
Mobiltelefon: 950 51 038
**Bokn kommune: Jan Magne Moi**
Mobiltelefon: 913 59 668

**Kyrkjetenarar**
**Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold**
Mobiltelefon: 404 11 889
**Førresfjorden sokn:**
**Kenneth Hammarqvist** mobil 474 54 748 og
**Merete Halleland Maudal** mobil 959 61 359
**Bokn sokn: Odd Grønnestad**
Telefon 52 74 84 03
**Nedstrand sokn: Steinar Nordeide**
Mobiltelefon: 934 15 403
**Skjoldastraumen: Barbara Stølvik**
Telefon 52 77 92 78



## "Jeg var fremmed og dere tok imot meg."

*av Kjersti Hjelmervik Lofthus, diakon*

**Akuttmottak for asylsøkere i Aksdal**
Det ble i løpet av noen dager i november opprettet akuttmottak for asylsøkere på Tysvær kro og motell. Til nå (20.nov) har det kommet ca 70 personer, for det meste barnefamilier fra Syria, Kurdistan, Irak og Afghanistan. Det vil komme ca 100 til sammen.
De som er drevet på flukt, er våre søsken. Vi er del av den samme menneskehet, og som kristen tror jeg på at alle er skapt av den samme Gud, like verdifulle, like viktige, like elsket, like betydningsfulle. Dette gjelder uavhenigig av tro, etnisitet, hudfarge eller andre skillelinjer vi så lett tyr til. Det er ikke vi og dem – det er oss.

Tysvær frivillighetssentral har tatt på seg oppgaven med å koordinere de frivillige bidragene fra tysvær-buer. De har god dialog med mottaket om behov som dukker opp. Har du tid å gi eller gaver du vil gi, kan du ta kontakt med frivillighetssentralen. De har et skjema på nettsidene sine der en kan fylle ut hva en kan bidra med.

Du kan også følge Tysvær frivillighetssentral på Facebook, der det kommer oppdaterte innlegg om evt. behov og annen informasjon. Uansett kan alle være med å få flyktningene til å føle seg velkommen med å smile og hilse når en møter dem i lokalsamfunnet.

"For jeg var sulten, og dere ga meg mat; jeg var tørst, og dere ga meg drikke; jeg var fremmed, og dere tok imot meg; jeg var naken, og dere kledde meg; jeg var syk, og dere så til meg; jeg var i fengsel, og dere besøkte meg. (...) Sannelig, jeg sier dere: Det dere gjorde mot én av disse mine minste søsken, har dere gjort mot meg."

De fleste av de som kommer har opplevd mye vondt i landet de kommer fra i tillegg til en farefull og vanskelig flukt. La oss vise hjertevarme og gi dem en god tid den tiden de skal være her i Tysvær.

## Fargerikt på Førland

*av Kørner Høie*

-Jeg liker å tegne, sier Endre Eikeskog Håvardsen. Han er en av 10 som var på Yngres på Førland denne kvelden i oktober. –Det tok litt tid å komme i gang. Først måtte jeg tenke på hva jeg ville ha på skjorta mi, før jeg bestemte meg for å tegne en drage, sier 11 åringen.

Lydnivået er høyt på bedehuset. Nesten alle tegner og maler. Etter hvert blir det tegninger og tekst på alle skjortene. Det er litt kaos når klokka nærmer seg





19.30 og det er tid for å avslutte kvelden. –Husk at skjortene må strykes når dere kommer hjem, ellers går fargen av i vasken, sier Anne Britt Riise før hun sier takk for i dag.

Men før kunstnerne gikk løs på T-skjortene, fikk de høre kveldens andakt om Bibelen som håndbok for reisen gjennom livet. Det var Lars Johannes Liknes som holdt oppmerksomheten gjennom 12 minutter. Og neste gang er det baking av julekaker og pakkelek. Det er tre ledere og fire konfirmanter som hjelpeledere denne høsten.

# Håpsbarnet

## Biskopen si julehelsing 2015

*av Erling J. Pettersen*
*Stavangerbiskop*

For nokre år sidan satt presten og salmediktaren Eyvind Skeie i stova vår i ei førjulsamling og hadde med seg ei salme han hadde omsett, og som no er tatt med i den nye salmeboka vår:

***Solbarn, jordbarn, bak din tynne hud***
***stråler mot oss kjærlighet fra Gud.***
***Hør oss, se oss, Stjernebarn stig ned,***
***så jordens barn i alle land finner julens fred.***

Det har ikkje tatt lang tid for denne salmen å bli kjent og sunge over heile landet. Kanskje nettopp fordi den går rett inn i ein av dei mest hjartelause periodane for forsvarslause barn som verda vår har opplevd i nyare tid. Krisa i Middelhavet er meir enn tal i ein flyktningestatistikk, det handlar om dei barna salmen omtalar i vers 2:
Flyktning, krigsbarn, hjemløs og forlatt,
misbrukt, skadet i den dype natt.

For mange av oss vart biletet av treåringen Aylan frå Syria, som gikk verda rundt tidleg i haust, det som ga støyten til ei ny dugnadsånd for å ta imot flyktningar frå dødsreisene over Middelhavet.
Den døde guten på stranda har ei lita, raud skjorte på seg. Olashorts. Små svarte barnesko. Lys hud. Han ligg med ansiktet ned i sanden på ei strand kanskje mange av oss har vore på i våre feriar.

I møtet med dette biletet, symbolet på den moralske krisa Europa er i, får eg lyst til å be oss alle la refrenget i salmen bli vår daglege adventsbøn:
Hør oss, se oss, Stjernebarn stig ned,
så jordens barn i alle land finner julens fred.

Og mi oppfordring er enkel: bli med i fellesdugnaden for å opne dørene våre, heimane våre, grensene våre for barn og foreldre på flukt frå ein krig som overgår det vi kjenner til av meiningslaus vald og terror.



Og eg takker Eyvind Skeie for at han har gitt Shirley Erena Murrays engelske tekst ei så sterk omsetjing, og lar siste verset i salmen vera mi advent- og julehelsing:

***Håpsbarn, fredsbarn, Barn fra evighet,***
***Vis hvert jordbarn himlens herlighet.***

***Velsigna advents- og juletid!***








# Radiosøndagskule for både små og store

*av Elisabeth Fauskanger*

**«Jesus til barna» er søndagsskulen sin visjon. Men må ein fysisk møtast for å ha søndagsskule saman? Eller kan ein ha søndagsskule på andre måtar – på radio t.d?**

Sidan hausten 2012 har Elisabeth Fauskanger, søndagsskulekonsulent i SØNDAGSSKULEN Karmsund-Sunnhordland krins laga ein times sendingar med søndagsskole på radio i samarbeid med Kristen Nærradio Haugaland AS.

Ein radiosøndagsskule er ganske lik ein vanleg søndagsskule; me bruker SPRELL LEVENDE og BARNAS, det er mykje song, bøn, bibelforteljing, det er barn som deltek, me opnar skattekista og fortel vitsar. I tillegg er det høgtlesing og konkurranse.



Men ein vesentleg skilnad på ei vanlig søndagsskule-samling er det likevel; me ser kvarandre ikkje! Det er spennande å sitte i studio i Haugesund og tenkje på kven det kan vere som høyrer på? Kor bur dei?

Mange tilbakemeldingar desse åra fortel at radio-søndagsskulen har mange lyttarar som høyrer på og set pris på programma. Programmet når mange som elles ikkje oppsøker eit kristent fellesskap. Nokre lyttarar et frukost i familien og høyrer radiosøndagsskole saman. Nokre lyttarar bur aleine. Nokre lyttarar er barn som bur på stader der det ikkje er søndagsskule. Nokre er barn med ei funksjons-hemming som gjer det vanskeleg å vere saman med andre. Nokre er besteforeldre som inviterer barnebarn til kvelds og høyrer radiosøndagsskulen saman. Nokre sit på venterom på sjukehus eller i taxiar. Nokre lyttarar sit i fengsel.

Radiosøndagsskoleprogramma blir sendt lokalt på KNH 105,6 søndag kl 9.00 og kl 19.00, i tillegg til at dei blir sendt i mange kristne nærradioar i landet vårt.

Programmet kan og høyrast på nettsida radioen.net kl 9.00 og kl 19.00 kvar søndag. Ein kan og laste programmet ned som podkast på radioen.net og høyre det akkurat når det passer best for ein sjølv.



# En bedre hverdag for barn fra slummen

av *Mariann Thommesen*

**Etter videregående, er det mange som velger å bruke et år på folkehøyskole, bibelskole eller lignende. Jeg valgte å reise til Brasil i fire måneder, for å jobbe på et prosjekt for barn som bor i slummen, og jeg har fått minner for resten av livet!**

Prosjektet *Árvore da Vida* ble startet i 2002 av misjonær Turid Dahl, og er i dag en viktig del av livet til mange barn med en tøff bakgrunn. Senteret ligger ca. 3 km fra slummen hvor barna bor, og de blir hentet og fraktet med buss hver dag. Det er omtrent 170 barn i alderen 6-15 år, som kommer daglig på senteret fra mandag til fredag. Her får de leke, opplæring i data, musikkundervisning og drive med sport. Barna blir delt inn i to store grupper, en på formiddagen og en på ettermiddagen, og videre i fire forskjellige klasser, etter alder. I tillegg er det ca. 35 ungdommer fra 15 år og oppover, som i regi av prosjektet, går på ulike jobbforberedende kurs, og får hjelp til å ta den utdanningen de ønsker.

Prosjektet drives på bakgrunn av innsamlede midler, og er bygd opp rundt en fadderordning. De er også avhengige av støtten de får utenom, både fra enkeltpersoner, firmaer, skoler og barnehager.





**En vanlig mandag på prosjektet**
For å få et nærmere innblikk i hva som skjer på senteret, skal dere få lese om en vanlig mandag for den nydelige faddergutten min. Han er en herlig gutt på 11 år, og begynte på prosjektet høsten 2012. Hjemme har han 11 søsken, og de bor i et trangt og lite hus sammen med moren i slummen.

Tidlig om morgenen går "Benjamin" til skolen som begynner kl. 07.00, og er der til kl. 12.20. Da går han hjem og skifter uniform, før han blir hentet av prosjektsbussen i 13.00-tiden. Når han kommer på prosjektet går han alltid og vasker hendene, før det er middag i den store og flotte spisesalen, sammen med de andre barna som er der. Etter middagen, går han til klasserommet sitt, sammen med sine jevnaldrende, hvor det er et lite opprop før tannpuss. Når det er gjort, pleier gruppen hans å gå ut på lekeplassen til prosjektet. "Benjamin" er en veldig sporty gutt, så du ser ham ofte på fotballbanen eller på volleyballbanen sammen med vennene sine. For de som ikke er så begeistret for ballsport, er det flotte andre alternativer. De leker mye fritt, hopper tau, leker i lekehytten og i lekeparken. Dersom det regner mye, og de ikke kan være ute, har de et stort lekerom øverst i bygget.

Her er det mange forskjellige spill og leker for en hver smak. "Benjamin" er stor fan av fotballspillet og bordtennis, og sier aldri nei til en kamp. Det er også mulighet for å spille biljard, leke i lekekroken eller spille andre brettspill. Andre halvdel av ettermiddagen er det mandagsmøte i kirken, som ligger vegg i vegg med prosjektet. Her får de lære om Jesus gjennom en liten andakt av Turid Dahl, etterfulgt av sang, og gjerne et lite skuespill. Noen ganger er det også bingo i slutten av møtet, noe som er veldig populært blant barna! Dagen avsluttes med lunsj i spisesalen i 16.00-tiden, før de blir kjørt hjem med bussen.



**Nytt hus til jul**
Etter å ha vært her i snart fire måneder, har jeg fått oppleve utrolig mye, både på godt og vondt. Jeg er blitt ubeskrivelig glad i barna på prosjektet, og alle menneskene rundt dem, både de på prosjektet, og familiene deres. Prosjektet er et utrolig bra tilbud for barna, og jeg har fått lov til å se hvordan hverdagen deres blir påvirket positivt! De får kommet seg bort fra slummen, og får tankene over på lek og moro.
I løpet av oppholdet har jeg også tilbrakt mye tid i slummen, hvor barna bor. Det er store variasjoner på husene som barna bor i, og det er trist å se de verste tilfellene. Nå nærmer det seg jul, og i den



forbindelsen har jeg og Hallvard Folkedal, som jeg reiser sammen med, startet et husbyggingsprosjekt. Vi vil være med å gjøre en forskjell, og startet et prosjekt hvor vi vil samle inn penger til to av familiene som tilhører prosjektet, slik at de kan få en bedre fremtid!

Begge familiene bor i elendige hus, og trenger sårt nye vegger rundt seg. Dersom du har lyst til å være med å støtte husbyggingen til disse familiene, kan du sette inn penger på dette kontonummeret: 3361.12.48739, og merke med "HUS TIL JUL"! Kontoen tilhører organisasjonen Livets Tre.
Tusen takk!





# Ein gledesspredar

*tekst: Edvin Gjerde*

**Det er kald og våt november-kveld i Tysvær Kyrkje. Inne er det trivsel og forventning. Barnekoret, Gledesspredaren, er i full gong med generalprøve til konserten same stad om ei veke. Dirigent, pianist og medhjelparar legg siste hand på programmet. Det ligg litt alvor i lufta!**

For eit flott namn! Gledesspredar. Men det er dei og, der dei står og syng. Til gleda for oss alle. I så mange, ulike samanhengar. Me ser dei, og ikkje minst høyrer dei, i kyrkja og på soknehuset. I familie-gudstenester, misjonsmesser, basarar og på julafta. Og sjølvaste nasjonaldagen stiller dei og opp.

Dei  siste åra har dei blitt fleire. For tida tel dei rundt 25 medlemmer. Eit høveleg tal seier dirigenten Marit Sofie. På repertoaret har dei nå fått nye songar. Og koret har for tida mange fine songstemmer. Fleire syng meir enn gjerne solo inn i mellom.

Rundt 1988 starta Turid Austerheim og Jorunn Dirdal eit barnekor i Tysværvåg. Den gong heitte det Unge Røster.  Seinare, ein gong utpå 90-talet, overtok nåverande kateket i Tysvær sokn, Marit Sofie Vikre, rolla som dirigent etter å ha drive i lag med Turid Austerheim. Nokre år vart det stillstand, men i 2004 kom koret i gong på ny. Med seg har ho i dag ein ivrig gjeng foreldre som stiller opp både når dei har øvingar, og når dei er ute og syng. Dei fortener stor ros og er til stor hjelp, seier ho.

Kva lærer så desse små som er så glade i å syngja? Jo, å opptre framføre ei forsamling og venne seg til å bruke mikrofon. Dei vert tidleg kvitt «mikrofonskrekken» ser det ut til.  Det er utruleg så fort dei lærer seg tekstane. Mange startar medan dei er 4 og held på til dei er 10-11 år gamle.

Men skal ein trivast i eit kor over tid må ein og ha andre aktivitetar som gjer det gøy å vere med. Difor tar dei seg tid til turar i naturen. Mellom anna for å leite etter slikkepinnar!  Samlingstund har dei på kvar øving og gjerne nokre leikar for å mjuke litt opp.

Ein gong på slutten av 90-talet spela dei inn ein kassett. For nokre år sidan song dei saman med Jarle Waldemar. Og ein konsert i Skjoldastraumen har dei og hatt.

Kva så med dirigenten? Det kan nok vere gonger ein kjenner seg sliten. Men så opplever ein at ein kan gå heim frå øvinga med ny energi. For det smittar å stå framføre desse som er så glade i å synge. Dei gir alt.

Kva så med foreldra? Mon tru om ikkje dei og opplever noko av det same? Kvar tirsdag har dei øving på Tysvær Soknehus frå kl 18 til 19. Kan hende er dette noko for ditt barn og? Det er lov å prøve seg. Så møt opp!





# Livsglede

*av Kørner Høie*

Det boblet av gode historier og mye erfaring da Arne Aurdal snakket om "Livsglede" til et nittitalls frammøtte på Stemnestaden i oktober. "Det som ligger an til å bli en fiasko, kan bli en velsignelse. Det er viktig å kunne vedstå seg sine svakheter " sa Aurdal.





Det var Førresfjorden menighet sammen med Fermate og Normisjon som inviterte til temakveld. Kvelden var rammet inn av god musikk av Kjersti Hjelmervik Lofthus og Lars Johannes Liknes.

Stemningen var lett og god både under foredraget og rundt kaffibordene. Marit Selvåg Johnsen hadde også et innlegg om livsgleden sett med psykologens øyne. Hun krydret innlegget med hverdagsopplevelser, men understreket at livsgleden kommer ikke seilende, men er et arbeidsprosjekt.

Ucrew
I års tjeneste




HVA ER UCREW?

Er du interessert i menighet og misjon?

Gjennom Ucrew får du muligheten til å arbeide ett år med barne- og ungdomsarbeid i en kirke i England, Estland eller Frankrike.

Arbeidsoppgavene varierer ut fra hvor du reiser, og hvilke interesser og talenter du har. Det kan være å arrangere ungdomskvelder, spille i lovsangsteam eller være leder på leir.

Ucrew er for deg som er eventyrlysten, engasjert i misjon, liker å jobbe med barn og unge og klar for nye utfordringer.

FLYBILLETT T/R
EGENANDEL

15. MARS 2016
SØKNADSFRIST

SPØRSMÅL? KONTAKT KRISTIAN MJØLSNESET PÅ 51 51 61 55 ELLER KRM@NMS.NO



BLI MED PÅ LEIR!!

NMS U

Det Norske Misjonsselskaps barne– og ungdomsorganisasjon, NMS U, vil gjerne invitere til adventsleir for barn og unge!

**Fjelltun, utenfor Flekkefjord**
5.-7.klasse 20.-22.nov
2.-4.klasse 27.-29.nov

**Furutangen på Randøy**
5.-7.klasse 20.-22.nov
2.-4.klasse 27.-29.nov
Tenleir 4.-6.des

**Himmel & Hav, Sola**
5.-7.klasse 20.-22.nov
2.-4.klasse 27.-29.nov

**Påmelding og mer informasjon**
www.nmsu.no/stavanger
Scan QR-koden med din smarttelefon





# Konfirmanter og MILK'ere fra Førresfjorden på TT15

*av Helene Kallevik*







***Bilde t.v:*** *Her er et knippe av de som var med. Over f.v: Bård Egil Dyrhol (prest), Nora Sandslett, Åshild Susort, Friederike Behrend, Camilla Strand, Eline-Sofie Lende-Aarborg, Silje Kristine Furseth, Ida Jacobsen Gundersen, Katrine Håland, Oda Søvik. Nede f.v: Peder Undheim, Runar Hollekim, Kristian Trepanier Walland, Sondre Brekke og Even Østebøvik.* ***Bilde øverst t.h:*** *Show i Fjellhallen.* ***Bilde nede t.h:*** *Globalløp.*

**33 ungdommer og ledere fra Tysvær reiste tirsdag 23. juni til Gjøvik for å lære mer om "Det store bildet". Haugaland krets var den største underleiren på det nasjonale Tenårings Treffet til KFUK-KFUM der 1500 ungdommer fra hele landet deltok.**

**Mange fra Haugaland.**
Haugaland var godt representert på årets TT- festival med over 300 deltakere. Deriblant 22 konfirmanter og 3 milk'ere (MILK står for Minilederkurs for fjorårskonfirmanter) fra Førresfjorden menighet. Vi hadde også med oss tre gutter fra KM-klubben i Tysværvåg. Tidlig tirsdags morgen stod gjengen fra Tysvær klare for den 10 timers lange bussreisen til Gjøvik. Uken som lå foran skulle bli svært innholdsrik, med øyeblikk mange av ungdommene vil huske lenge.

**Spektakulært i Gjøvik Olympiske Fjellhall.**
I 5 dager ble tiden til konfirmantene fylt opp med aktiviteter. Hver morgen i Fjellhallen startet med Wakeupboyz som underholdt med sketsjer og videoer, så fortsatte det med stort morgenshow med mye dans og underholdning. På kvelden var det kveldshow, og den ene kvelden gudstjeneste med nattverd for de 1500 deltakerne. I show'ene var det integrert forkynnelse: - Vi er en del av Guds store bilde. Vi har alle en plass i den store sammenhengen i forhold til Gud, oss selv, medmenneskene og skaper-verket. Vi fikk lære om Jesus som Gud og menneske, Jesus som forsoner og Jesus som forbilde og kjærlighet.

**TT-torg og aktiviteter.**
Det ble arrangert aktiviteter og TT-torg på Gjøvik Gård om ettermiddagene. Været var variabelt, men de siste dagene kunne vi nyte god vær. Noen dager fikk konfirmantene velge én aktivitet som de deltok på i noen timer, de andre dagene var det TT-torg. Her kunne de besøke ulike stasjoner med fotball, leke-krig, spilletelt, speed dating, matboder, volleyball og andre uteleker man kunne låne. Eller bare bli liggende på plenen i den steikende solen mens man ble underholdt fra park-scenen av tensing kor fra hele landet og Tensing Norway.

Gjennom Globalløpet, der alle som deltok samlet sponsorer som gav en pengesum for hver runde deltakerne løp, fikk deltakerne mulighet til å være solidariske med ungdommer i Tanzania og Bangladesh.

**En del av konfirmantopplegget.**
For konfirmantene fungerer denne festivalen som en del av konfirmantopplegget. De har noe færre ak-tiviteter og undervisning gjennom hele året. På TT deltok de på to seminarer der de fikk konfirmantundervisning.

Runar Hollekim, konfirmant: "Jeg syntes det kjekkeste med TT var å møte så mange forskjellige folk fra ulike steder. Det gikk over forventningene mine var når vi var i Fjellhallen og sang alle de forskjellige sangene, det var mye kjekkere enn det jeg hadde forventet på forhånd."



# NMS misjonsmesse for Tysvær og Bokn

## 21. november 2015

*av Edvin Gjerde*

Så er den årlege misjonsmessa for Tysvær og Bokn over for denne gong, Det vart ein fin dag inne og ute. Soknehuset var like fullt som før om åra. Bortimot berre ståplasser til tider. Det vart handla heimebakst, strikkevarer, juledekorasjonar og gjenbruksvarer til det var nesten tomt. Både loddsal og åresal gjekk flott.

Soknepresten hadde ei fin andakt-stund der me vart minna om ikkje å la bekymringane ta overhand i livet. Med enkle teikningar som alle kunne forstå, illustrerte han temaet frå Bibelen.

Gledesspredaren song fine sangar, og Førland skulekorps spelte både julesangar og andre.

Folk fekk seg middag og kaffi i kafeen og samtale med nabo og andre kjente som var til stades.





Sluttresultatet vart godt, ca 110000 kr brutto. Stor takk til alle som på ulik vis støtta opp både før og under messa.

# Minimesse

*av Kørner Høie*

Det var et solid kor av voksne folk som åpnet Minimessa på Stemnestaden siste lørdag i oktober. Tysvær Blandakor fylte huset med fin sang. Før det hadde bakstekonene i noen timer sørget for at det var nok potetkaker og tjukkakaker til salgs.

Folk fra grindebygda og distriktet kom med tomme vesker og fulle lommebøker. Salget gikk unna, lotteriene fordelte gevinstene jevnt utover, og folk koste seg i kafeen. Grinde skulekorps og







barnekoret Sakkeus fra Nedstrand kastet glans over denne lørdagen på leirplassen. Roar Flacke og Hibbi Mannes delte ut av Bibelens ord og tanker til gjestene.

Ellers registrerte vi mye god sosial samling over grøttallerkenen og kaffikoppen. Og den engasjerte messekomiteen kunne telle opp kr. 110 000 brutto ved dagens slutt. Pengene går til leirplassen.



# KyrkjeNÆR

*tekst og foto: medarbeidarane i Kyrkjenær*

**Det har vore ein aktiv haust i Kyrkjenær i alle sokna våre. Borna får personlege invitasjonar til tiltaka for si aldersgruppe. I Nedstrand sokn skjer desse tiltaka parallelt i Nedstrand og Skjoldastraumen fram til skulestart. Etter skulealder møtast borna frå dei to bygdene eindel! Nokre av tiltaka er også felles for alle sokna i Tysvær og Bokn.**







**2.klasse: Haustakkefest**
Nedstrand og Skjoldastraumen har felles arrangemenet i godt samarbeid med Tveit vidaregåande skule.

To lærarar og fjorten elevar frå VG1 planla og la godt tilrette dagen saman med Kyrkjenærleiar - for dei 20 andreklassingane som ville vere med. Samlinga starta i tømmerhytta med temaet: "Gud som skapar - vi som forvaltar". Vi sang saman, og så delte vi borna  i to grupper; potetopptak og natursti som elevane stod for. Etter ei god økt var det pause med pølsegrilling. Så ny økt i grupper. Vi fekk impulsivt hundeoppvisning midt i og elevane hadde kjekke leikar med ungane. Veret var strålande! Fantastisk innsats av mange gode hjelparar. Og på spørsmålet til ungane om kva som var kjekkast- var svaret kontant: ALT! Barna fekk med ein pose med nypoteter heim! Stas!

Sundagen var andreklassingane med på haustakkegudstenesta i sine kyrkjer.

**4.klasse: Aktivitetsdag- tema Misjon**
Fellesarrangement med Tysværvåg , Bokn og Førresfjorden. Borna er samla ein heil dag (planleggingsdag) på Stemnestaden i Grinde. Gjennom aktivitet får borna lære om «afrikansk kvardagsliv» - nærare bestemt Mali, som er misjonsprosjektlandet for fleire. Leik, felles måltid og andre samlingar pregar dagen!



**3 åringane: Undretur i kyrkja**
Borna saman med ein vaksen blei inviterte til ein times undretur i «kyrkja si» ein laurdag føremiddag. Møte med, og undring over, kyrkjerommet er bakgrunn for opplegget.
I Nedstrand og Skjoldastraumen fekk treåringane boka "Kyrkja mi» om si lokale kyrkje ved ankomst, og dei fekk «undretid» saman med foreldre der dei gjenkjente i rommet det det var bilete av i boka. Besøk oppe ved orgelet (og inne i pipene) var spennande! Å leite etter sauen Krølle, og lytte til historia om sauen som hadde gått seg bort, synge og lage små-Krøllelam som dei skulle motta på gudstenesten sundagen. Alt dette kunne vi, med god planlegging, gjere i roleg tempo over ein time!









*4-åringane hadde «undretur» i Bokn kyrkje, dagen før gudsteneste med Bibelutdeling. Alle fekk sjå seg om i kyrkjerommet, og laga bokmerke i sakristiet. Me sat i midtgangen i kyrkja og åt boller, og til slutt tente 4-åringane lys i lysgloben*

**4-åringane: Barnebibelen**
Borna får Barnebibelen det året dei fyller 4 år. I forkant av gudstenesta der dei mottek bibelen, har vi ei samling på ettermiddag der foreldra blir med. Vi samlar oss om bibelen, fortel historia om Jesus som metter 5000, brukar illustrasjonar, bakar rundstykker, maler akvarell og perler til bokmerke og lærer songar! Så et vi kvelds saman tilslutt.
På sundagen heng bokmerka som «perler på ei snor» framme i kyrkja!

**5- åringane Julekrybbeverkstad**
Førskuleborna er inviterte to ettermiddagar saman med foreldre til julekrybbeverkstad.
Vi samlast om « kvifor vi feirer» - julefortellinga, syng saman , lager julekrybbefigurane og et kvelds saman. Julekrybbene blir stilt ut på barnehagegudstenestene i desember og då får borna dei med seg heim!





**6. klasse Lys Vaken**
Laurdag 28. november - kvelden før advent er sjetteklassingane frå Skjoldastraumen og Nedstrand samla i Nedstrand kyrkje til «adventsvake», frå klokka fem til midnatt. Kyrkjerommet blir tatt i bruk til Skattejakt, juleverkstad, film, sang og dans, måltid på langbord og midnattsgudsteneste! Vi feirer kyrkja si nyttåraftan (det nye kyrkeåret byrjar 1. sundag i advent) og lærar oss å bli vakne for kvarandre og Gud - inn mot adventstid. Ei kjempefin start på advents-tida!

kyrkje nær
I TYSVÆR

**7-klasse: Onlinekveld i Aksdal kyrkje**
For fyrste gong arrangerte Kyrkjenær «Onlinekveld» for 12-åringar og føresette. Alexis Lundh frå «Ungdom og medier» tok opp temaet «Det er bra å vere online!» Alexis snakka om sjølvbilde og identitet relatert til sosiale media. Seinare var det gruppe-samtale der 12-åringar og vaksne samtala om viktige spørsmål som «Veit foreldre nok om nettet? Kva gjer du viss nokon du kjenner blir plaga på nett eller mobil? Kva er grei speletid?» I oppsummeringa etter samtalen kom det fram gode og nyttige innspel- ikkje minst frå 12-åringane som har sosiale medier mykje meir under huda enn foreldregenerasjonen. Etter ein god pizzapause, blei kvelden avslutta med eit par rundar med spelet «Kahoot.»







## Lys vaken i Bokn kyrkje

*av Jan Magne Moi*

Bokn starta ei helg tidleg med Lys vaken – samling. Fredag 20. november var 10 forventningsfulle unge samla i Bokn kyrkje. Samlinga starta med at alle fekk utdelt kulene og lage sin eigen Kristuskrans. Kristuskransen gjekk igjen på samlinga der ein lærte kva dei forskjellige kulene står for og dei var også utgangspunkt for forbønsdelen på avslutnings-samlinga laurdagen.

Undervegs hadde me mat på Gamle-skulen tett ved. Her hadde Ingrid Jøsang laga god kvelds. Ingunn Grønnestad leia øving på Lys vaken – sangen og hadde formingsaktivitet som truleg hamnar i julepapir. Før me kom oss i soveposen den kvelden, hadde me lært om kule etter kule i Kristuskransen og enda oppi tårnet.

Til saman 4 konfirmantar og to foreldre var medhjelparar undervegs. Det var ikkje vanskeleg å skryte godt til foreldra når dei kom for å hente borna laurdag føremiddag.








## Samlingar ved julekrybba

Det vert samlingar ved julekrybba ved Nedstrand kyrkje kvar søndag i advent. Fyrste samling 29. november når me startar lysmessa på kyrkjebakken kl. 17.00

